



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: ol485@kyrkja.no
Telefon: 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/01/25

Dato:
06.01.2025

Innkalling til møte i Fellesrådet

Stad: Norheimsund kyrkje
Tid: Onsdag 15. jan kl 17.00

Sakliste: 01/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
02/25 Meldingar
03/25 Justert budsjett 2025
04/25 Val av entreprenør, Strandebarm kyrkje
05/24 Prioriteringsliste, vedlikehald

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL M Ø T T !

For Fellesrådet:

Kjell Dysvik, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

01/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 4. desember 2024 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

02/25 Meldingar

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- Kyrkja i Kvam har motteke godkjenning frå biskopen på reparasjon og oppdatering av korpartiet i Øystese kyrkje. Her har ein glad gjevar sytt for finansieringa, og i tillegg til å henta fram det gamle golvet, så vert det kjøpt inn ny golvløparen. Den gamle er holete og stygg – det var på høg tid. Me prøver å få gjort mesteparten på dugnad, men leiger folk og utstyr til det som trengs.
- Det me IKKJE har motteke godkjenning på, er tilrettelegging for rullestolar inne i den same kyrkja. Her har det vore purra til biskopen – og det skal purrast påny.
- Minnelunden i Øystese har no fått godkjenning av statsforvaltar, omsider. Ajaj- byråkrati tek tid.
- Vikariatet for kateket Mampion vart lyst ut på nytt etter avgjerd av tilsetjingsrådet. Ny frist er sett til 10. jan 2025. Ein føreset at tilsetjingsrådet vil vera det same: kyrkjeverje, prest Vetle Karlsen Eide, leiar Kjell Dysvik og kateket Mampion.
- I Strandebarm kyrkjelydshus har LIONS og hus-styret funne saman om å gå til innkjøp av storskjerm. Dei delte kostnaden 50/50, og alle er nøygde. Prosjektor på vegg har fungert nokolunde, men har sine avgrensingar med ljossinnslepp frå store vindaugo.

03/25 Budsjett for Kvam kyrkjelege fellesråd 2025

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek det framlagde budsjettet som endeleg budsjett for 2025 – og med budsjettkommentar.

Kostnader		Budsjett 2025	Budsjett 2024
010	Fastlønn, feriepengar mm	5 800 000	5 600 000
020	Vikarer	75 000	100 000
080	Styrehonorar	45 000	40 000
090	Pensjonskostnad	1 300 000	1 050 000
098	Refusjon NAV, lønnstilskot	-420 000	
095	Yrkesskadeforsikring	47 000	70 000
165	Andre personalkostnader	30 000	17 000
099	AGA	725 782	727 160

100	Kontormateriell	200 000	100 000
110	Aktivitetsrelatert forbruksmat/ utstyr/tjenester (herunder konf.leir)	470 000	450 000
120	Annet forbruksmateriell		60 000
270	Kjøp av tenester	200 000	
130	Post, bank, telefoni og datalinjer	100 000	70 000
140	Annonser, reklame, info og repr.	80 000	120 000
150	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pliktig)	20 000	40 000
240	Bilkostnader	80 000	
170	Køyregodtgjersle	130 000	100 000
180	Energi	400 000	400 000
120	Renhold, renovasjon	120 000	
185	Forsikringar, inkl. bil	296 000	230 000
190	Leie av lokaler og grunn	15 000	10 000
195	Avgifter, gebyrer og lisenser	230 000	180 000
200	Inventar og utstyr	40 000	40 000
210	Leie, leasing, kjøp av transportmidler	30 000	120 000
220	Leie, leasing, kjøp av maskiner	40 000	35 000
230	Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	100 000	250 000
240	Serviceavtaler og reparasjoner	100 000	120 000
250	Materialer til vedlikehold, inkl arbeidskle	75 000	250 000
265	Vakthold og vektertjenester, alarm	42 000	40 000
270	Rekneskap og revisjon	250 000	250 000
350	Refusjon til menighetsråd	85 000	80 000
195	Kontingentar	75 000	
110	Andre kostnader, inkl. tap på krav	70 000	
429	Mva som gir rett til momskompensasjon		750 000
430	Tilskudd til kommune/komm institusjoner		
500	Renteutgifter	30 000	
510	Avdragsutgifter		
530	Dekning av tidliger års regnskapsm. merforbruk		0
540	Avsetning til disposisjonsfond		
550	Avsetninger til bundne fond		
570	Overføring til investeringsrekneskap		30 000
580	Regnskapsmessig overskudd		
590	Avskrivninger	540 000	400 000
Sum		11 420 782	11 729 160

Inntekter		Budsjett 2025	Budsjett 2024
600	Brukerbetaling ved kirkelige tjenester	50 000	50 000

	Annonseinntekter kyrkjeblad	100 000	
610	Betaling fra deltakere (konfirmantar, inkl. leir)	360 000	225 000
	Billettinntekter	40 000	
630	Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	1 000 000	1 200 000
650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester (Gravstell)	420 000	400 000
710	Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner/tilskot frå NAV		436 000
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet		
729	Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet		750 000
800	Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	1 300 000	1 750 000
830	Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	7 138 000	6 376 000
850	Tilskudd fra menighetsråd		20 000
870	Tilskudd/gaver fra andre, kyrkjeblad	250 000	150 000
	Andre inntekter	200 000	
900	Renteinntekter	25 000	20 000
950	Bruk av bundne fond		
930	Bruk av udisponert frå tidl år		
980	Regnskapsmessig underskudd		
990	Motpost avskrivninger	540 000	400 000
Sum		11 423 000	11 777 000
		2 218	47 840
Del B	Investeringsbudsjett 2024		
Utgifter			
200	Namna minnelund Øystese	2 500 000	2 600 000
	Namna minnelund Norheimsund		
430	Nytt tak Strandebarm kyrkje	8 854 091	9 000 000
428/429	Mva som gir rett til momskompensasjon		0
520-529	Klp-eigenkapital	32 000	30 000
550	Avsetninger til bundne fond		
580	Regnskapsmessig overskudd		
Sum		11 386 091	11 630 000

Inntekter

870	Tilskudd/gaver fra andre		
970	Tilskot Riksantikvar (tak Strandebarm)	1 500 000	1 500 000

980	Kvam herad	9 854 091	10 100 000
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet		0
	Bruk av udisponert frå tidl år	32 000	30 000
950	Bruk av bundne fond		
Sum		11 386 091	11 630 000
		0	0

Budsjettkommentar:

Budsjett for 2025 er gjort opp med ein liten pluss, kr 2218,- Kravet til gyldig budsjett er at det er saldert med positiv balanse. Vedtaket frå Kvam herad i desember om auka driftstilskot med kr 500 000,- opp til kr 7 138 000,- gjer at gapet mellom ressursar og oppgåver har krympa noko. Det er likevel viktig å gjera merksam på at ein del av postane som er barberte på utgiftssida, eller som er auka på inntektssida, heilt klart ligg i ynskjetenkjings-område. Det er svært truleg at sjølv med nesten null i vedlikehald og streng budsjettdisiplin, vil Kvam kyrkjelege fellesråd gå med eit betydeleg underskot, også i 2025.

04/25 Val av entreprenør til restaurering av Strandebarm kyrkje

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vil gje oppdraget med å restaurera kyrkjetaket, tårnet mm på Strandebarm kyrkje til Hardanger og Voss museum, ved bygningsvernavdelinga.

Dette arbeidet har vore utlyst på Doffin. Det kom inn 6 tilbod:

- Akasia As
- Fløysand tak AS
- Froan AS
- Gamle 3Hus AS
- Stiftinga Hardanger og Voss museum
- Tharaso AS

Basert på vekting av ulike matriser (pris, kvalitet, kompetanse, gjennomføringsevne) kom Hardanger og Voss museum best ut. Saksutgreiinga med dei ulike vektingane er førebels unnateke offentleg innsyn, men vert lagt fram for fellesrådet i møtet.

05/25 Prioritering av vedlikehald og fornying i 2025

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek fylgjande prioriteringsliste for nyinnkjøp og vedlikehald for året 2025, så langt økonomien strekkjer til. Akutte tiltak vil koma i tillegg – eller i staden for.

Tiltak:

Sum:

Merknad:

Reparera takrenner, Ålvik kyrkje	10 000	Dugnad Ålvik sokneråd!
Oppgradera korparti Øystese, inkl ny golvløpar	60 000	Finansiert med gåve
Bepantning og tynning av allè på kyrkjegarden i Øystese	60 000	Finansiert med gåve
Ny videokanon i Øystese kyrkje	15 000	
Fornyng av detektorar til brannvarslings-anlegg i Strandebarm kyrkje	50 000	Del av restaureringsarbeid?
Montering av nyinnkjøpt lerret og prosjektor, Norheimsund kyrkje	20 000	Mykje ledningstreking og elektrikkararbeid
Reparera kyrkjeklokker, Norheimsund kyrkje	20 000	Treng kranbil – to gonger
Nytt tak på arbeidslager, Vikøy kyrkjegard	100 000	Taket lek!
Mala nordveggen innvendt, Strandebarm kyrkje	10 000	Dugnad?
Ny trådlus sendar og mottakar til høgtalaranlegg, Øystese kyrkje	15 000	
Trådlus mikrofon med mottakar, Strandebarm	15 000	
Ekstra stemplingskasse til kyrkjegarden	40 000	
Nye gardiner til kyrkjelydssalen, Norheimsund?	100 000	
Fjernstyring av kyrkjeklokker, Øystese	40 000	

Vedlikehald og nyinnkjøp av utstyr er ei kronisk og aldri kvilande øving. Med unnatak av dei stader der vedlikehald er naudsynt for å unngå forfall og øydelegging, t.d takrenner på Ålvik kyrkje, så er heilt klart det meste av vedlikehaldet på denne lista av ein art som kan kan utsetjast, utan at det får alt for store konsekvensar. Det er likevel godt at fellesrådet har ei hand på rattet i møte med dei prioriteringar den daglege drifta står oppe i. Ei slik prioriteringsliste er såleis eit godt verktøy for kyrkjevevja.